

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtested: Telefon
Dato: 20.04.2017
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 947 89 126 (Magnus) eller 948 80 564 (Kari).
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 18/2017	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 19/2017	Referatsaker		
RS	Melding om vedtak - Dispensasjon - Rammesøknad for byggetrinn 1 - Prosjekt Nasjonale turistveger Gjende - Statens vegvesen		2017/927
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Militær lavtflyging - Besseggen - Gjende		2016/5480
RS	Orientering om regler for lavtflyging i Jotunheimen Nasjonalpark - oppfølging Miljødirektoratet		2016/5480
RS	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Snødekt mark - Sledehundløp og bruk av skuter til oppkjøring av eksisterende løyper - spørsmål om utviding av trase - Jotunheimen Hundekjørarlag v/ Helge Holshagen		2016/5510
ST 20/2017	Delegerte vedtak		
2/2017	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av snøscooter for frakt av materialar og saltstein - Storådalen beitelag		2017/2043
3/2017	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av snøscooter for utkjøring skiltstativ Besseggen - Vågå Røde Kors Hjelpekorps		2017/2188
4/2017	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017-2021 - Bruk av snøscooter for frakt av saltstein - Russdalen Beitelag		2017/2186
ST 21/2017	Klage - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2017 - Oppføring av gjeterhytte i Russdalen - Russdalen Beitelag		2016/8595
ST 22/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av snøscooter til filming av Gutta på tur - Parkas Production AS		2017/1425
ST 23/2017	Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Tråkking av skiløype på Fannaråkbreen - Sognefjell Sommarkisenter		2015/1809

ST 24/2017	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Utskifting av båt ved Nedre Høgvagltjønne - Rolv Moen	2017/2493
ST 25/2017	Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Transport i samband med tilbygg på Gjertvasshytta - Luster austre fjellstyre	2017/2581
ST 26/2017	Eventuelt	

ST 19/2017 Referatsaker

Melding om vedtak - Dispensasjon - Rammesøknad for byggetrinn 1 - Prosjekt

Nasjonale turistveger Gjende - Statens vegvesen 2017/927

Jotunheimen nasjonalpark - Militær lavtflyging - Besseggen - Gjende

2016/5480

Orientering om regler for lavtflyging i Jotunheimen Nasjonalpark - oppfølging

Miljødirektoratet 2016/5480

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Snødekt

mark - Sledehundløp og bruk av skuter til oppkjøring av eksisterende løyper -

spørsmål om utviding av trase - Jotunheimen Hundekjørerlag v/ Helge

Holshagen 2016/5510

ST 20/2017 Delegerte vedtak

2/2017 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -

Motorferdsel - 2017 - Bruk av snøscooter for frakt av materialar og saltstein -

Storådalen beitelag 2017/2043

3/2017 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -

Motorferdsel - 2017 - Bruk av snøscooter for utkjøring skiltstativ Besseggen -

Vågå Røde Kors Hjelpekorps 2017/2188

4/2017 Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon -

Motorferdsel - 2017-2021 - Bruk av snøscooter for frakt av saltstein -

Russdalen Beitelag 2017/2186

Arkivsaksnr: 2016/8595-7

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.04.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	21/2017	20.04.2017

Klage - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon 2017 - Oppføring av gjeterhytte i Russdalen - Russdalen Beitelag

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen held fast ved vedtaket i sak 11/2017. Russdalen Beitelag får med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon for oppføring av ei gjeterhytta for å lette arbeidet med tilsyn av beitedyr i området.

Vilkår:

1. Gjeterhytta skal plasserast sentralt i Russdalen, i nærleiken av Blåtjønnodden. Detaljert plassering blir avgjort ved synfaring, der ein av forvaltarane kan representere nasjonalparkforvaltninga.
2. Arealet på gjeterhytta er ifølgje tilsende teikningar ca. 15 m².
3. Gjeterhytta skal utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk, med farge og materialval for at ho skal gå mest mogleg i eitt med landskapet - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd. Fargen skal vera naturfarge i den mørke og varme delen av fargeskalaen, og takplater skal ha matt overflate
4. Russdalen Beitelag er ansvarleg for vedlikehald og drift av gjeterhytta. Dersom drifta blir avvikla eller lagt om slik at det ikkje lenger er behov for gjeting, skal beitelaget demontere og fjerne alle spor av hytta – jf. vilkår i standardkjema for utvisingsforretning for gjetarbu frå Statskog.
5. Dersom spørsmål om bruksendring likevel skulle koma opp, vil dette krevje ei ny og sjølvstendig vurdering av løyve etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3. i).
6. Etter bygging skal eventuelle bygningsmaterialar som er til overs ryddast og transporterast bort frå området, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1.

Grunngjeving for at styret ikkje tek klagen frå Fylkesmannen i Oppland til følge:

- Det er lagt til grunn at behovet for gjetarbu er til stades, og klagen gjeld berre plasseringa. Nasjonalparkstyret godkjenner ei plassering sentralt i beiteområdet,

- i tråd med søknaden, medan klagar vil trekkje bua ca. 3 km lengre inn i verneområdet for å få plassert den i nærleiken av ein anna bu.
- Saka gjeld nybygg som krev streng vurdering og behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen, uansett om ein går for sentral plassering i beiteområdet slik beitelaget har søkt om, eller om ein går inn på den skisserte løysinga frå Fylkesmannen (klagaren) med plassering ved Sundodden. Sidan også klagar skisserer ei mogleg løysing med eit nybygg i medhald av den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, jf. nml § 48, kan ein ikkje sjå nokon prinsipiell skilnad på desse to alternativa.
 - Nasjonalparkstyret ser at eventuell presedensverknad kunne vore meir utfyllande vurdert enn det som går fram i sak 11/2017. Dette er nå konkret vurdert, og ein kan ikkje sjå at det kan koma fleire tilsvarande søknader, jf. saksvurderinga som konkluderer med at andre beitelag med areal innan verneområdet allereie har tilsynsbu, eller like gjerne kan lokalisere ei slik utanfor vernegrensa.
 - Det må baserast på ei brei skjønnsmessig vurdering av om bua skal plasserast sentralt i beiteområdet i nærleiken av Blåtjønnodden, eller om den må plasserast på Sundodden slik Fylkesmannen/klagar ønskjer. Det synest noko underleg at det skal vera betre i høve til verneverdiane å få eit nybygg enda lengre inn i nasjonalparken enn det vart søkt om. Generelt ønskjer ein unngå inngrep langt inne i parken, og landskapspåverknaden kan nok opplevast som sterkare i det opne landskapet ute på Sundodden enn om ein får bua plassert i nærleiken av Blåtjønnodden. To ulike buer med 50-100 meters avstand på Sundodden kan verke like forstyrrende i landskapet som å få ei ny bu på ein mindre eksponert lokalitet der ho samstundes har større nytteverdi for beitelaget. Uansett er plasseringa basert på eit brei skjønnsmessig vurdering, og ein viser til Klima- og miljødepartementet sitt brev av 02.03.15 der det m.a. står at *«I en bred skjønnsmessig vurdering bør klagemyndigheten legge vekt på nasjonalpark- eller verneområdestyrets syn. Hvis vilkårene for å gi dispensasjon er oppfylt og styret har foretatt en begrunnet avveining basert på lokalt skjønn og lokalkunnskap, bør klagemyndigheten vise tilbakeholdenhet med å overprøve dette skjønnnet.»*

Konklusjon: Vedtaket i sak 11/2017 vert oppretthalde, og saka blir sendt over til Miljødirektoratet for endeleg behandling.

Saksopplysningar

Saksdokument

- Sak 11/2017 i nasjonalparkstyret, med tilhøyrande dokument
- Klage av 30.03.17 frå Fylkesmannen i Oppland
- Brev av 02.03.2015 frå Klima- og miljødepartementet *«Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48»*
- Brev av 15.06.2015 frå Klima- og miljødepartementet *«Retningslinjer for vurdering av klagesaker knyttet til verneområder underlagt lokal forvaltning»*
- Brev av 06.04.17 frå Russdalen Beitelag v/ Hans P. Vaberg og Anders Strand.
- Oppdatert kart over beiteområdet

Nasjonalparkstyret gjorde i møte 08.03.17 slik vedtak om dispensasjon for oppføring av gjetarbu for Russdalen beitelag:

«Russdalen Beitelag får med heimel i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. naturmangfaldlova § 48, dispensasjon for oppføring av ei gjetarhytta for å lette arbeidet med tilsyn av beitedyr i området.

Vilkår:

- 1. Gjetarhytta skal plasserast sentralt i Russdalen. Detaljert plassering blir avgjort ved synfaring, der ein av forvaltarane kan representere nasjonalparkforvaltninga.*
- 2. Arealet på gjetarhytta er ifølgje tilsende teikningar ca. 15 m².*
- 3. Gjetarhytta skal utformast i tråd med tradisjonell byggeskikk, med farge og materialval for at ho skal gå mest mogleg i eitt med landskapet - jf. verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 siste ledd. Fargen skal vera naturfarge i den mørke og varme delen av fargeskalaen, og takplater skal ha matt overflate*
- 4. Russdalen Beitelag er ansvarleg for vedlikehald og drift av gjetarhytta. Dersom drifta blir avvikla eller lagt om slik at det ikkje lenger er behov for gjeting, skal beitelaget demontere og fjerne alle spor av hytta— jf. vilkår i standard skjema for utvisingsforretning for gjetarbu frå Statskog.*
- 5. Dersom spørsmål om bruksendring likevel skulle koma opp, vil dette krevje ei ny og sjølvstendig vurdering av løyve etter verneforskrifta § 3 pkt. 1.3. i).*
- 6. Etter bygging skal eventuelle bygningsmaterialar som er til overs ryddast og trensporterast bort frå området, jf. verneforskrifta § 3 pkt. 7.1.*

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Frådeling og bygging krev også løyve frå Vågå kommune som myndigheit etter plan- og bygningslova.

Det må og søkjast om dispensasjon for eventuell motorisert transport i samband med byggeprosessen.»

Fylkesmannen i Oppland klaga på vedtaket ved brev av 30.03.17, og meiner vedtaket er i strid med verneformålet og verneverdiar for Jotunheimen nasjonalpark knytt til urørt fjellnatur utan inngrep. Klaga er grunngjeve ut frå at ein i den grundige prosessen som vart gjennomført for revisjon av dei nye verneforskriftene og forvaltningsplan, ikkje vart fremma noko behov for tilsynsbuer i samband med beitebruk, og at det i dagens regelverk derfor ikkje gjeve heimel for den type tiltak. Fylkesmannen viser til at det allereie er gjort tilpassingar i verneforskrifta for å lette tilsynet med beitedyr i det aktuelle området gjennom høve til bruk av motorbåt på Russvatnet. Fylkesmannen skriv m.a.: *«Det er likevel eit reelt tilsynsbehov for sau på beite i området. Skal ein likevel gjere eit unntak, må ein etter forvaltningspraksis og retningslinene i forvaltningsplan søke å plassere nye bygg der det er bygningar frå før, framfor å opne opp nye urørte områder. Ein ser at ei ny tilsynsbu kan plasserast ved ein av dei eksisterande buene ved vatnet, slik at ein samlar inngrep, og likevel har tilfredstillande nærleik til beiteområdet. Dette vil vere til mindre skade for verneformål og verdiar, og Fylkesmannen har oppmoda styret til å vurdere eit slikt alternativ nærare.»*

I klagen heiter det at Fylkesmannen har vore i kontakt med representantar for Russdalen beitelag, og at dette har gjeve desse utfyllande opplysningane:

«Beitelaget har i dag ikkje eigen båt, men har lånt tamreinlaget sin båt 2-3 gonger i året. Dei har berre ein einskild gjetar, og vurdert det som risikofyllt å nytte båt åleine. Det er heller ikkje mobildekning i området, noko som gjer det ekstra krevjande. Om båt skal nyttast må ein ha to gjetarar som er i området samstundes og det vil føre til meir kostnader. Beitelaget har forsøkt seg med lavvo som blåste ned. Ei akseptabel løysing kan i følgje beitelaget vere å ha ei ny tilsynsbu plassert i nærleiken av den private bua på Sundodden (aktuell avstand kan vere 50-100 m). - - -»

Saksbehandlar vart oppringt av Anders Strand, leiaren i beitelaget, den 3. april, etter at han hadde vorte kjend med innhaldet i klagen. Han kunne ikkje kjenne seg att i utsagnet om at plassering ved Sundodden kan vera ei akseptabel løysing for dei. Heller ikkje tidlegare leiar i beitelaget, Hans P. Vaberg, som vart oppringt av Fylkesmannen kunne sjå at det var gjeve aksept for flytting så langt vestover som Fylkesmannen hevdar i brev av 30.03.17. I ein oppklarande samtale med Strand og Vaberg viser dei til at Sundodden blir like avsides i beiteområdet som den gamle saubua, men da i motsett retning. Representantane for beitelaget viste også til at transport til og frå ei bu lengre inn i verneområdet ville verte meir krevjande, og dei meiner at god gjeting vil vera å kunne opphalde seg mest mogleg sentralt i beiteområdet der gjetaren kan bruke arbeidstida til å ha god kontakt med dyra gjennom jamleg tilsyn. Dei la vekt på at dei har prøvd å tilpasse seg situasjonen med auka rovdyrbestand, og har hatt gode erfaringar med gjetar på heiltid for å førebygge tap av sau på beite.

Beitelaget har ved brev av 06.04.17 også gjeve ein skriftleg merknad til det dei meiner er feil referert i klagen. Her skriv dei m.a.:

«I saksutgreiing frå Fylkesmannen blir det referert til kontakt med representantar fra Rusdalen Beitelag for utfyllende opplysninger. Fylkesmannen framstiller det som at det er ei akseptabel løysing å plassere ny tilsynsbu i nærleiken av privat bu på Sundodden. Beitelaget må få presisere at evt. plassering av ny tilsynsbu på Sundodden slettes ikkje er en god løysing for oss. Ny bu vil da ligge for langt vest, og utgangspunktet for effektiv og godt tilsyn vil være vanskelig. Som vi har nevnt til Fylkesmannen er vi villige til å se på mindre justeringer av buplassering.»

Vurdering

Dispensasjon og klagesak blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14
- Naturmangfoldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Verneforskrifta for nasjonalparken har i utgangspunktet forbod mot nye byggverk, men i vurderinga i sak 11/2017 har ein lagt til grunn at behovet for tilsyn med beitedyra er til stades, og at ei lita gjetarbu slik det er søkt om i liten grad vil gå ut over verneverdiane.

Om klagen:

Klagen er framsett innan fristen på 3 veker, og Fylkesmannen har rettsleg klageinteresse på vedtak fatta av nasjonalparkstyret, jf. pkt. 12 i vedtektene:

12. KLAGEADGANG, KLAGEINSTANS OG KLAGEBEHANDLING

Fylkesmannen har klagerett på vedtak fattet av nasjonalparkstyret jf. naturmangfoldloven § 62 tredje ledd siste setning. For øvrig gjelder de alminnelige regler om klageadgang.

Klage på vedtak truffet av styret, må vurderes/klagebehandles av styret med mindre det er avtalt at saken kan behandles av AU/forvalter.

- - -

Miljødirektoratet er endelig klageinstans for vedtak som treffes av styret/ forvalter som forvaltningsmyndighet.

Styret kan velja å:

a) oppretthalde vedtaket sitt i sak 11/2017 og sende saka over til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd, eller

b) dei kan gjera eit nytt vedtak og imøtekoma klagen heilt eller delvis, ved å gjera nytt vedtak med krav om plassering i nærleiken av eksisterande buer lenger vest.

Klagen tek utgangspunkt i at det ikkje er heimel i dei spesifiserte unntaka i føresegnene til å gje løyve til oppføring av tilsynsbuer i samband med beitebruk, og at søknaden er vurdert etter den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § 4 og nml § 48.

Fylkesmannen framhevar m.a. følgjande i klagen

«Det følgjer av forarbeida til naturmangfaldlova at den generelle dispensasjonsregelen i § 48 ikkje kan nyttast for å utvide ramma som er trekt opp i vernevedtaket. Føresegna skal vere ein sikkerheitsventil for tiltak som ikkje kunne sjå kunne kome eller spesielle/særskilte høve som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet evt. på det tidspunktet forskrifta vart fastsett.

I naturmangfaldlovas § 48 1. ledd går det i fram (vår utheving): Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå eit vernevedtak om det ikkje strider mot *vernevedtakets formål* og ikkje kan påverke *verneverdiane nemneverdig*, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Om vilkåra ikkje er oppfylte, kan ein ikkje gje dispensasjon etter § 48. Om eit omsøkt tiltak eller ein aktivitet ikkje strider mot formålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsstyresmakta vurdere dispensasjon etter § 48 første alternativ.

Eit tiltak som oppføring av ei tilsynsbu, eit byggverk som etter vår erfaring er eit varig inngrep, vil her vere i strid med formålet med vernevedtaket (verneformålet § 2 vist til ovanfor). Ein ny bygning uavhengig av storleik, er å betrakte som eit *inngrep*. Dette blir forsterka av at det i dette området ikkje er inngrep frå før, bortsett frå ei ny bru (utskifting av den gamle hengebrua) som er lagt over Blåtjønnå i 2014. Med eit nytt bygg i området får landskapet ein endra inngrepsstatus, med endra opplevingsverdi. Om tilsynsbua hadde vore plassert i tilknytning til eksisterande bygningar, ville påverknaden på verneformål og verneverdiar vore akseptable, jf. retningslinene i forvaltningsplan.

Vi kan derfor ikkje sjå at det er heimel til å gje dispensasjon etter § 48 til å tillate ei tilsynsbu i eit tilnærma urørt område. At det blir gjeve eit slikt løyve no, ut frå eit nytt behov som blir fremma kort tid etter at verneforskrifta vart vedteken, meiner Fylkesmannen vil utvide den ramma for forvaltninga som er trekt opp i vernevedtaket med revidert forskrift frå 2014. Det vil også vere uheldig av omsyn til presedens vedrørende nytt bygg i område utan andre bygg i nasjonalparken, jf. brev av 02.03.2015 og 15.06.2015 frå Klima- og miljødepartementet.»

Merknad til utdraget over:

Klagen viser først til at det ikkje er heimel heimel til å gje dispensasjon etter § 48 til å tillate ei tilsynsbu i eit tilnærma urørt område, og at dispensasjonen vil utvide ramma for forvaltninga som er trekt opp i vernevedtaket ved revidert forskrift frå 2014.

Samstundes blir det i brevet skissert ei alternativ løysing med å la beitelaget oppføre den nye gjetarhytta nærleiken av ei eksisterande bu lenger inne i verneområdet.

Det stemmer at det sit langt inne å opne for tiltak i medhald av den generelle dispensasjonsheimelen så kort tid etter at forskrifta vart revidert, men etter ei samla vurdering fann Nasjonalparkstyret at behovet for ei tilsynsbu er godt dokumentert, og at påverknad på verneverdiane – i dette tilfellet landskapet – kan akseptast. Også den skisserte løysinga gjeve i Fylkesmannen brev av 30.03.17 medfører eit vedtak med heimel i nml § 48. Dersom denne heimelen likevel skal kunne nyttast, bør ein også sjå kvar nytteverdien er størst. Ut frå beitelaget sitt behov, synest sentral plassering i beiteområdet å vera den beste løysinga.

Fylkesmannen viser i klagen til at beitelaget aksepterer plassering ved Sundodden, men det viser seg at dette ikkje stemmer – jf. brev frå Beitelaget datert 6. april og samtale med tidlegare og nåverande leiar, der begge understrekar at dei ikkje kjenner seg att i denne påstanden. Dei er opne for mindre justering, men opplever det som uheldig å måtte akseptere ei plassering som ligg ca. 3 km* lenger inne i nasjonalparken enn det dei har søkt om (*målt på kart, truleg lengre distanse som må gåast i terreng).

Det blir i klagen hevda at påverknaden på verneformål og verneverdiar vil vera akseptable ved plassering ved bua ute på Sundodden. I klagen blir det vist til generelle

retningslinjer i forvaltningsplanen om «*plassering i tilknytning til eksisterende bygningar*», men det er ikkje gjort konkret vurdering av korleis dette vil arte seg i landskapet. Gjennom illustrasjon på kart ser ein betre kva 50-100 meters avstand til eksisterande bu betyr i praksis.

Kartutsnittet under viser Sundodden med eksisterande bu på feste 187/1/189. Den svarte streken utgjer 100 meter, Ei plassering som skissert i klagen, med 50-100 meters avstand til den andre bua, vil medføre ei hytte som er meir synleg og eksponert i naturlandskapet enn det som er mogleg å få til ved Blåtjønnodden. Ut frå dette er det vanskeleg å sjå at plassering ute på Sundodden objektivt sett er meir akseptabelt av omsyn til landskapsverdiane. Dette er i tillegg 3 km lenger inn i nasjonalparken.



Kva som var spelt inn i samband med revisjon av forskrift og forvaltningsplan blir også vektlagt i klagen. Ikkje alle aktørar forstår eller får med seg alle formelle prosessar med forvaltningsplanar og vernevedtak like godt, og det kan synast urimeleg at eit beitelag for all tid vert utestengde som følgje av at dei ikkje var aktive nok og ikkje evna å konkretisere sine framtidige behov – slik meir profesjonelle aktørar som t.d. DNT har gjort. Det som står om buer etter fjellova § 35 i forskriftas § 3 pkt. 1.3.h) kunne kanskje også oppfattast som eit akseptert behov for ivaretaking av bruksinteressene etter fjellova, slik at manglande juridisk kompetanse kan ha gjort at dei ikkje melde behovet for ei eiga bu da prosessen gjekk.

Endra behov for gjeting med større rovdyrbestand og meir turfolk med hundar i fjellet spelar også inn. Mykje har endra seg frå perioden 2003-2007 da høyringsprosessen pågjekk. Det er 10 år sidan prosessen vart avslutta. Overordna føringar frå sentrale styremakter har i denne perioden endra seg i retning av å leggje meir vekt på næringsutvikling og verdiskaping, men samstundes ta omsyn til verneverdiane. Verneområdestyra har fått myndigheit til å stå for skjønnsutøving i samband med dispensasjonsbehandling, når dei grunnleggjande vilkåra er oppfylt.

Det at Fylkesmannen meiner at ei plassering lenger inn i verneområdet, mot Sundodden, er meir akseptabel i høve til verneverdiane enn ei plassering meir i ytterkant av verneområdet, må karakteriserast som ei skjønsmessig vurdering. Dersom styret held fast ved opphavleg vedtak, må Miljødirektoratet ved endeleg klagebehandling vurdere om ein skal vektlegge skjønnutøvd av det valde styret, eller

om skjønnsutøvinga av Fylkesmannen skal vega tyngst når det gjeld endeleg plassering.

Ein viser her til utdrag av brev datert 02.03.2015 frå Klima- og miljødepartementet:

"I en bred skjønsmessig vurdering bør klagemyndigheten legge vekt på nasjonalpark- eller verneområdestyrets syn. Hvis vilkårene for å gi dispensasjon er oppfylt og styret har foretatt en begrunnet avveining basert på lokalt skjønn og lokalkunnskap, bør klagemyndigheten vise tilbakeholdenhet med å overprøve dette skjønnnet."

Plassering inntil eksisterande byggverk kan sjølvstøtt vera ein fordel, men eit nytt bygg i tillegg ute på Sundodden vil vera minst like synleg i landskapet som nybygg i nærleiken av Blåtjønnodden. Det er eit skjønn å vurdere om opplevingsverdien blir vesentleg annleis ved den eine eller andre løysinga. Fordel ved vald løysing i nasjonalparkstyret sitt vedtak er i tillegg at nybygget ikkje kjem så langt inn i verneområdet, men er nærare randsonen mot Russvassosen.

Vurdering av presedens er understreka i brevet av 02.03.15 frå KLD, som gjev retningslinjer for presedens i byggesaker etter naturmangfaldlova § 48, jf. utdraget:

«Presedensvurderingen bør være så konkret som mulig. Presedensfaren skal være reell og ikke hypotetisk. En konkret presedensvurdering vil bidra til likebehandling og ivareta hensynet til rimelighet. Dette vil øke forståelsen for verneforvaltningen.

Vurderingen av presedensvirkninger knytter seg for det første til sannsynligheten for at lignende tiltak vil fremmes i fremtiden. Dette avhenger primært av antall saker hvor likebehandling tilsier at dispensasjon vil måtte gis. Sannsynligheten varierer på en skala fra lite sannsynlig til svært sannsynlig. For det andre knytter vurderingen seg til konsekvensene for verneområdet av at de lignende sakene får samme utfall. Disse konsekvensene varierer på en skala fra lite alvorlige til svært alvorlige

Momenter ved vurdering av sannsynlighet for at et vedtak vil skape presedens vil blant annet kunne være hvor mange andre hytter det er i verneområdet som vil kunne søke om samme tiltak, om det er spesielle forhold knyttet til saken som tilsier at den kan særbehandles og om tiltakstypen er behandlet i forvaltningsplan med klar avgrensning av hva som kan tillates.

Momenter ved vurdering av hvilke konsekvenser det kan få om vedtaket danner presedens, vil blant annet kunne omfatte hva slags vernekategori det er tale om (det vil gjennomgående være mer alvorlige konsekvenser ved økt bygningsmasse i nasjonalparker enn i landskapsvernområder), hva slags verneformål det er tale om (i noen områder er verneformålet knyttet til å bevare urørte og villmarkspregede områder) og hvor stort/omfattende tiltaket er.»

Fylkesmannen viser og til faren for presedens ved å gje løyve til ei bu i eit område utan bygg frå før. Det er liten fare for tilsvarande søknader i framtida, da dei andre beitelaga med beiteområde innan nasjonalparken allereie har tilsynsbuer:

- Utladalen sameige har gjetarbu sentralt i beiteområdet i Guridalen
- Storådalen beitelag disponerer Lom fjellstyre si hytte i Gjendebu i beitesesongen.
- Besstrondfjellet beitelag har ikkje så stor del av sitt beiteområde innan nasjonalparken, slik at sentral plassering kan vera utanfor nasjonalparkgrensa dersom det skulle oppstå ein situasjon i framtida der dei ønskjer tilsynsbu.


I brevet framhevar KLD også:











«Hvis søker har spesielle behov for å gjennomføre tiltaket, kan dette skille saken fra andre lignende saker og dermed redusere faren for presedensvirkninger.»

Behovet for gjetarbu er godt dokumentert, og er behovet er akseptert både av fjellstyret og av Fylkesmannen som klagar. Det er plasseringa som er punktet med avvikande oppfatning mellom partane i denne saka, og som dannar grunnlaget for klagen.

Det blir avslutningsvis i brevet frå Klima- og miljødepartementet understreka at
«Hvis vilkårene for å gi dispensasjon er oppfylt og styret har foretatt en begrunnet avveining basskjønnsmessige ert på lokalt skjønn og lokalkunnskap, bør klagemyndigheten vise tilbakeholdenhet med å overprøve dette skjønnnet.»

Dette tilseier at det dokumenterte behovet med sentral plassering i Russdalen beiteområde, som er akseptert av nasjonalparkstyret i sak 17/2017, bør få tilslutnad hos den overordna klageinstansen.



-  Bru_klopp Vågå
-  Bu_hytte Vågå
-  Ferist Vågå
-  Salteplass Vågå
-  Drifteveg_gangveg Vågå
-  Drifteveg_kjøreveg Vågå
-  Sperregjerde Vågå
-  Samle_skillekve Vågå
-  Allmenninggrense Vågå N50
-  Naturverngrense Vågå N50

Arkivsaksnr: 2017/1425-5

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 05.04.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	22/2017	20.04.2017

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Bruk av snøscooter til filming av Gutta på tur - Parkas Production AS

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 6. 1 avslår Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen søknad frå Parkas Productions om dispensasjon for bruk av snøscooter frå nasjonalparkgrensa og over Styggebreen.

- Motorisert ferdsel i nasjonalparken er i utgangspunktet forbode. Dispensasjon kan vurderast for tiltak heimla i verneforskrifta og til særskilde formål der vilkåra i naturmangfaldlova § 48 er oppfylt. Det er ikkje anledning bruke § 48 til å gje løyve som på sikt vil uthole vernevedtaket, gjennom fleire liknande saker som vil følgje av uheldig presedensverknad.
- Forvaltningsplanen legg vekt på å redusere motorferdselen til eit lågast mogleg nivå, og det blir vist til ordlyden i forvaltningsplanen kap. 8.15.5 om vilkår som vil bli lagt til grunn for motorisert ferdsel: *«h) løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/ undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l. Det kan vere aktuelt å gje løyve til motorferdsel til å dekkje nyhende som blir vurdert som viktige.»*

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 05.04.17 frå Parkas Production AS

- Sak 12/2017 i Nasjonalparkstyret - *Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2017 - Bruk av drone til filming av Gutta på tur - Parkas Production AS*
- E-post av 06.04.17 frå Lom kommune - orientering om regelverk og førebels haldning til ein eventuell dispensasjon

Parkas Production AS har ved vedtak i sak 12/2017 fått løyve til bruk av drone med filmkamera i Jotunheimen i samband med filming av «Gutta på tur» til Galdhøpiggen i mai 2017. Selskapet søkjer nå om å kunne bruke snøscooter i tillegg. Utdrag av søknaden gjer nærare greie for planlagt transport:

Jeg, produsent Dag Vidar Hopøy i Parkas Production as, søker herved om tillatelse til å bruke scooter under vårt opptak av "Gutta på tur" i tidsrommet 1.5-4.5.2017.

Kort om Gutta på tur:

Serien er en av de best likte og sette på TV2 gjennom tidene. På sitt høyeste var det opptil 1 million seere som benket seg foran tv hver søndag. Nå i anledning TV2 sitt 25 års jubileum skal gutta ut på tur igjen for å lage 4 eksklusive programmer fra de beste stedene i Norge, og da er selvfølgelig Jotunheimen med. Denne gangen, som før, blir det også på visning på søndagene og selvfølgelig i beste sendetid. Vi regner med høy profilering fra TV2 sin side, som også kommer til Jotunheimen for å spille inn den offisielle Gutta på tur-promoen.

Kort om selve programmet: Arne Hjeltnes, Arne Brimi, Bjørn Dæhlie og Vegard Ulvang har invitert skikongen Petter Northug til en av Norges flotteste nasjonalparker, Jotunheimen, for å kose seg med gode historier, nydelig fjellmat, skigåing og en topptur til Galdhøpiggen.

Vi starter i Sognefjellet der Petter trener på ski. Gutta drar ned til Røysheim gård hvor de overnatter. En liten tur i Lom og bakeriet i Lom er på dagsplanen før de drar opp til Juvasshytta for å begynne på topptur til Galdhøpiggen. Hvis været tillater det så vil vi gjerne skiseile på Styggebreen. Nedturen går via Bøverdalen. De avslutter programmet med et festmåltid på Viangvang. Hele programmet skal bli krydret av fantastiske bilder og scener fra Jotunheimen, som naturligvis vil bli en av hovedpersonene.

Vi har med oss en god del utstyr, og folk, som gjør at vi forflytter oss relativt sent. For å komme i mål med alle destinasjonene/gjøre målene er vi derfor avhengig av scooter.

Det jeg søker om er følgende:

- Scooterkjøring fra Juvasshytta til Styggebreen.
- Scooterkjøring over Styggebreen.
- Søk om å kjøre scooter i Skiløypene rundt Sognefjellshytta for å filme Petter på ski

Vi bruker scooter og kjentmann fra Juvasshytta og scooter og kjentmann fra Sognefjellshytta på de gjeldene destinasjonene.

Lom kommune er myndigheit etter motorferdsellova, og skal behandle søknaden etter dette lovverket, både innan og utanfor nasjonalparken.

Kommunen v/ Sander Sælthun gjev følgjande orientering i e-post av 06.04.17:

«Når det gjeld motorferdsel innanfor Jotunheimen nasjonalpark vil føresegnene i verneforskrifta for nasjonalparken vere det strengaste regelverket. Grensa mot nasjonalparken er om lag midtvegs mellom sommarskiseret og Styggebreen. Kommunen vil derfor avvente nasjonalparkstyret/ nasjonalparkforvaltaren sitt vedtak for kjøring innanfor nasjonalparken. Normalt er ikkje vegen til Juvasshytta opna så tidleg som 01.05, eg går derfor ut i frå at det er nødvendig med snøscootertransport fram til Juvasshytta?»

Motorferdsel i samband med filmopptak i skiløypene ved Sognefjellshytta er lite kontroversielt, og rask behandling i kommunen og positivt vedtak kan forventast.

For all motorferdsel i utmark må også grunneigar gje løyve. Både Juvasshytta/ Galdhøpiggen og Sognefjellshytta ligg i statsallmenning, dvs. det er Lom fjellstyre som gjev løyve på vegne av grunneigar (Statskog).»

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

Forskrift og lovverk

Verneforskrifta § 3 pkt. 6.1 har forbod mot motorferdsel, herunder bruk av snøscooter.

Det er ikkje spesifisert unntaksregel for kommersiell filming og marknadsføringstiltak, så søknaden må eventuelt behandlast etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48. Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

«å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- *-----*

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»

Motorisert ferdsel kan vera i strid med verneformålet som føreset uforstyrra naturoppleving for ålmenta, og det kan gå ut over verneverdiane dersom det skjer i sårbare område eller om det samla omfanget blir for stort.

Forvaltningsplan

Planutkastet frå 2008 gjev følgjande føringar når det gjeld kommersiell filming:

8.15.5 Dispensasjonspraksis

Med bakgrunn i verneforskriftene bør utgangspunktet for motorferdsel vere ein streng dispensasjonspraksis. Følgjande vilkår vil bli lagt til grunn for motorisert ferdsel:

h) Løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l. Det kan vere aktuelt å gje løyve til motorferdsel til å dekkje nyhende som blir vurdert som viktige.

Dei fleste søknadar om bruk av motoriserte hjelpemiddel for kommersiell filming i verneområdet har fått avslag. Reint unntaksvis vart det i 2016 gjeve løyve til bruk av snøscooter over Styggebreen for opptak for NRK si direktesending av 17.mai-feiring på

Galdhøpiggen. Her var tidsaspektet ein særleg grunn for å kunne nytte motorisert transport, da det elles ville vera vanskeleg å dekkje det som skjedde gjennom ulike innslag i ei direktesending.

I likskap med 17. mai-sendinga til NRK, er TV-programmet «Gutta på tur» eit opplegg med stor marknadsføringsverdi og høg allmenn interesse gjennom formidling av det enkle friluftslivet. Men det sistnemnde programmet er ikkje direktesending, og det er dermed fullt mogleg å gjennomføre filmopptak utan å kjøre snøscooter. Det blir i søknaden vist til mange ulike lokalitetar som gjer at dei er avhengig av scooter «*for å komme i mål med alle destinasjonene/gjøremålene*». Ut frå førebels vurdering frå Lom kommune ser ein at det vil vera rom for bruk av snøscooter utanom nasjonalparken, slik at mange av opptaka kan gjerast på ein effektiv måte. Siste etappen opp mot Galdhøpiggen må ein uansett ta beina fatt, slik at utstyret i alle høve må vera tilpassa eit opplegg med ein del manuell forflytting.

Ei enkeltstående hending som dette, vil i seg sjølv ikkje ha spesielt stor innverknad på verneverdiane, bortsett frå motorstøy ein kort periode. For bevaring av verneverdiane i eit langsiktig perspektiv må ein uansett ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre å gje mange isolerte motorferdselløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader.

Tiltaket er vurdert etter naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i områda rundt Styggebreen. Scootertransporten kjem ikkje i direkte konflikt med registrerte førekomstar av sårbare artar. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) er det likevel vanskeleg å opne for bruk av snøscooter. Nml § 11 blir ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er vurdert mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel, og det vart på grunnlag av dette opna for filming med drone i sak 12/2017. Det er ikkje ønskjeleg å gje løyve til motorferdsel til formål som er klart i strid med føringane i forvaltningsplanen, da dette på sikt vil skape uheldig presedens og medføre fare for utholing av vernet.

Arkivsaksnr: 2015/1809-5

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 03.04.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	23/2017	20.04.2017

Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Tråkking av skiløype på Fannaråkbreen - Sognefjell Sommarskisenter

Forvaltar si innstilling

Med heimel i §3 pkt. 5.2 og 6.3 n) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark gjev Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen dispensasjon for oppkøyring av langrennsløyper på eit avgrensa område på Fannaråkbreen. Løyve vert gjeve med følgjande vilkår:

1. Løyve gjeld 5 år: frå 2017 til og med 2021.
2. Tidsrom:
Oppkøyring av langrennsløyper på Fannaråkbreen kan først ta til når det ikkje lenger er tilfredstillande snøtilhøve i tilgrensande område utanfor nasjonalparken, men ikkje før 1.juli. SNO skal ha melding straks køyring i nasjonalparken tek til.
3. Tidspunkt for oppkøyring:
Oppkøyring av løyper kan skje inntil to gonger om dagen. Ein skal ta omsyn til turar med breførarar til/frå Fannaråken og unngå oppkøyring mellom kl.1100 og kl.1330 med mindre vertilhøva gjer det heilt naudsynt.
Oppkøyring av løype til og frå treningsområdet skal skje høgst ein gong om dagen.
4. Område:
Oppkøyringa av langrennsløypa på Fannaråkbreen skal skje aust for breførarruta mellom Sognefjellshytta og Fannaråkhytta og leggjast i god avstand frå breførarruta, og så langt som mogleg vere ute av syne frå denne. Det same gjeld rast og parkering av snøskuter/trakkemaskin. Dersom det mot slutten av sesongen vert for lite snø i det nemnde området aust for breførarruta, kan ein ta i bruk området ved bandet mellom Steindalsnosi og Fannaråken.
5. Diverse:
Oppkøyring av løype kan gjerast med snøskuter eller trakkemaskin. Det kan køyrast opp løyper både for klassisk stil og skøyting.
Sognefjellet sommarskisenter er ansvarleg for tryggleiken i samband med den

organiserte langrennstreninga og oppkøringa av løyper. Sommarskiseret er også ansvarleg for opprydding dagleg og ved sesongslutt.

Løyvet er gjeve på vilkår av at aktiviteten ikkje aukar vesentleg m.o.t. areal, omfang og intensitet.

6. Rapport:

Dersom løypeprepareringa på Fannaråkbreen er gjennomført, skal det sendast rapport til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen etter sesongslutt.

Rapporten skal innehalde oversikt over kor mange dagar i kvar månad som vart nytta til trening på breen, i kva for område, og tal personar som har vore med på dei organiserte treningssamlingane i nasjonalparken. Dersom det har vore køyring med snøskuter/trakkemaskin mellom kl. 1100 og kl. 1330 skal dette vere med i rapporten, med grunngjeving for dei dagane det gjeld.

7. Inndraging av løyvet

Dette løyvet kan inndragast dersom vilkåra vert brotne. Sommarskiseret må rekne med kontroll frå oppsynet.

Dersom spesielle tilhøve gjer det naudsynt med endring av vilkåra eller inndraging av løyvet, skal forvaltningsstyresmakta varsel Sognefjellet sommarskiseret minst ni månadar i førevegen, dvs. innan 1. oktober året før.

Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 11.03.15 frå Sognefjellet sommarskiseret v/Anders Fortun

«Fornyng av søknad Løypeprepping Fanaråkbreen 5 nye år. Viser til tidliger avtale når det gjelder sommarskiløping på Fannaråkbreen. Det har dei siste 5 åra ikkje vore behov for å bruke breen, men det er viktig og holde denne avtalen , slik som det vart avtalt og det som var intensjonane med den. Dette var ein avtale som vart gjort tidligare av Sogn og Fjordane skikrets og IL Fanaråk og Fylkesmann Sogn og Fjordane. Søker med dette om fornyng for 5 år, 2015- 2020»

Heimel:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

Forskrift og lovverk

Etter §3 pkt. 6.1 i verneforskrifta er motorferdsel ulovleg.

I verneforskrifta er det også lista opp spesifikke unntaksreglar kor forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel. §3 pkt. 6.3n):

«Oppkøring av skiløype på Fanaråkbreen i samsvar med forvaltningsplan.»

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 omtalar trakking av skiløyper på Fannaråkbreen:

«Aktivitatar som fører med seg motorisert ferdsl i verneområda er lite ønskjeleg. Preparering av skiløyper i verneområda er ikkje i samsvar med verneformålet....

Idrettslaget Fanaråk har, med bakgrunn i forarbeidet for opprettinga av nasjonalparken, fått løyve til skiløypepreparering på bestemte delar av Fanaråkbreen i samband med langrennstrening. Det siste løyvet som vart gjeve, gjeld frå 2006-2010. Løyvet kan nyttast etter 1. juli når det ikkje er gode nok snøtilhøve utanfor nasjonalparken. Til løyvet er det knytt særlege vilkår.

I samband med at Miljøverndepartementet i 1987 handsama ei klage på eit avslag på bruk av snøskuter til løypepreparering på Fanaråkbreen, gjorde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, ein grundig gjennomgang av alternativ lokalisering. Fanaråkbreen framsto då som det alternativet som kom minst i konflikt med landskaps- og naturforvaltningsinteresser. Det er lagt vekt på at breen grensar til/vender mot eit område med store inngrep som veg, kraftmagasin og kraftlinjer på Sognefjellet, og at det er bilveg og innkvartering like ved. Dette også på bakgrunn av Foredraget til kgl.res (1980).

Dei seinare åra har det vore mykje snø på Sognefjellet. Saman med noko omlegging av drifta/løypetrasèar, har dette gjort at det ikkje har vore naudsynt å preparere løyper på Fanaråkbreen innanfor nasjonalparken dei siste åra.

Med bakgrunn i forhistoria vil det på særlege vilkår også seinare bli gjeve dispensasjon etter 1. juli til oppkøyring av langrennsløype i eit område på Fanaråkbreen. Løyve til utvida omfang i høve til tidlegare kan ikkje påreknast.»

Vurdering

Fannaråkbreen er ein nordvendt bre frå Fannaråken (2069 moh.) og ned mot Prestesteinsvatnet. Breanten ligg på mellom 1500 og 1400 moh. og blir brukt som rute for turfolk som skal på Fannaråkhytta frå Sognefjellet. Om sommaren er det fast breføring over breen i regi av DNT.

Området er ein del av villreinområdet for Vest-Jotunheimen bestanden, men då som trekkområde. Om sommaren står det vanlegvis ikkje dyr her. Det er ikkje gjort registreringar av andre særlege sårbare artar i tiltaksområdet (§8 i nml.)

Dei seinare åra har det ikkje blitt køyrt opp løyper på Fannaråkbreen og det er derfor ikkje gjort erfaringar med praksis av denne verksemda ennå. I forvaltningsplanen er større treningsopplegg lista opp som organisert ferdsel som kan skade naturmiljøet og krev løyve. Vurdering av påverknaden på miljøet er gjort gjennom fleire rundar og instansar og funne akseptable. Det er derfor lagt til grunn dei same vilkåra som i tidlegare løyve etter «føre-var» prinsippet (§9 i nml.). Einaste vilkåret som er endra er rapportering. Det er ikkje naudsynt med rapport dersom tiltaket ikkje vert gjennomført. Dermed er det ekstra viktig at tiltakshavar passar på å varsle oppstart og rapportere dersom tiltaket vert iverksett. Vilkår om inndraging av løyve er framleis med sidan ein ikkje har erfaring med effektane av dette tiltaket frå tidlegare. Uføresette effektar av tiltaket er eksempel på situasjonar der vilkår i løyve må endrast.

Fannaråkbreen har vore og er vidare planlagt som reservearena for langrenn når det ikkje finst andre moglegheiter. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjorde i 1989 ein samla gjennomgang av aktuelle lokalitetar i Sogn og Fjordane og vurderte Fannaråkbreen som den minst konfliktfylte staden for oppkøyring av for trakking av langrennsløyper. Sidan løyve ikkje har vore brukt dei siste åra viser at dette vert praktisert som reservearena og det at den samla belastinga av motorferdsel ikkje aukar som følgje av dette løyve (§10 i nml.). §§ 11 og 12 i nml. er ikkje relevant i denne saka.

Grunna forvaltningsplanarbeid har denne saka blitt utsett. Det er derfor lagt til grunn at søknaden gjeld for fem år og løyvet vert derfor gjeve for dei neste fem åra, dvs. tom. 2021.

Arkivsaksnr: 2017/2493-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 07.04.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	24/2017	20.04.2017

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2017 - Utskifting av båt ved Nedre Høgvagltjønne - Rolv Moen

Forvaltar si innstilling

Rolv Moen får med heimel i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3.l) løyve til utskifting av båt ved nedre Høgvagltjønne på følgjande vilkår:

- Løyvet vert gjeve for ein periode på 4 år – for åra 2017-2020, med høve til forlenging gjennom delegert vedtak frå forvaltar, dersom det ikkje oppstår ein situasjon som krev endra vurdering.
- Retningslinjer for utplasserte båtar skal konkretiserast og innarbeidast i revidert forvaltningsplan.
- Utanom bruk skal båten lagrast best mogleg skjerma, og merkast med namn.
- Dersom bruken opphøyrer, skal båten fjernast.
- Forvaltningsstyresmakta skal ha melding når båten vert utplassert, med opplysning om plassering i terrenget og bilete av båten.
- Det blir gjeve løyve til transport på vinterføre, der fjelloppsynet i Lom vil stå for transporten og samordne denne med andre ærend i området.

Dette løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Ein føreset at det ligg føre godkjenning frå fjellstyret, sidan saka gjeld vidareføring av etablert tiltak.

Saksopplysningar

- Søknad av 06.04.2017 frå Rolv Moen
- Sak 49/2014 *Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Prinsippsak - Utplassing av båtar og oppbevaringskasser for fiskeutstyr innan verneområda*

Rolv Moen søker om løyve til utskifting av båten sin ved Nedre Høgvagltjønne, da den gamle er øydelagt av vinden, og kan ikkje reparerast.

Det er gjort avtale med fjelloppsyn Odd Repp om at han kan frakte båten med snøskuter ved passende anledning.

I sak 49/2014 vart det gjort følgjande prinsippvedtak når det gjeld utplassering av båtar:
«Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen stiller seg positive til utnytting av fiskeressursane i verneområda. Det bør så langt det er råd leggast til rette for felles bruk av båtar ved vatn med garnfiske, slik at ikkje alle treng å ha eigen båt.

Nye løyve kan berre gjevast for vatn/tjern med garnfiske, og løyve skal vera tidsavgrensa til 4 år om gongen.

Det må søkjast om fornying innan utløp av løyveperioden.

Båtar som ikkje lenger er i bruk eller ikkje er søkt for fornya løyve, skal fjernast.

Godkjende båtar skal merkast med eigaren sitt namn, og ved utplassering skal det leverast bilete til fjellstyret og nasjonalparkforvaltninga for at ein betre skal kunne følgje opp med fjerning av det som ikkje lenger er i bruk.

Nasjonalparkstyret er skeptisk til etablering av faste installasjonar, og garnkasser må ikkje vera større enn at dei får rom under ein kvelvd båt. Eventuelle garnkasser lagrast saman med båten.

Øydelagde båtar og restar av anna utstyr skal fjernast. Kommunen kan som forureiningsstyresmakt kontaktast for hjelp til oppfølging i medhald av forureiningslova § 37 dersom eigar ikkje sjølv fjernar utrangert utstyr.

Retningslinjer for utplassering av båtar må innarbeidast i revidert forvaltningsplan.»

Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP, revidert 14.11.14
- Naturmangfaldlova
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Verneforskrifta § 3, pkt. 1.1 har i utgangspunktet forbod mot utplassering av båtar:

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

*Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, **opplag av båtar**, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.*

§ 3 pkt. 1.2. listar opp tiltak som er unnateke det generelle forbodet:

Reglane i pkt. 1.1 er ikkje til hinder for:

. . . f) Opplag av båtar i samsvar med forvaltningsplan.

Pkt. 1.3 l) opnar for at forvaltningsstyresmakta kan gi løyve til:

l) *Opplag av båtar som ikkje er i samsvar med forvaltningsplan.*

§ 3 pkt. 1.2. f) sier at utplassering i tråd med forvaltningsplan ikkje krev særskild løyve, men verken vedteken forvaltningsplan frå 1998 eller utkastet frå 2008 definerer kva båtar dette gjeld. Ein vel derfor å behandle søknaden etter pkt. 1.3. l), men vil i den pågåande revisjonen av forvaltningsplan prøve å få på plass eit godt system som gjev oversikt på alle utplasserte båtar og ein utsjekk av status t.d. kvart fjerde år. Dette er nødvendig for å hindre at båtar som har gått ut av bruk blir liggande så lenge at ein til slutt mistar oversikten på kven som er eigar og har ansvar for fjerning av utrangert utstyr. Rutinane må vera enkle og tydelege, slik at ein slepp omfattande prosedyrar med saksbehandling der det berre er spørsmål om vidareføring av godkjende tiltak.

I prinsippsak om utplassering av båtar og tilhøyrande utstyr vart det etter høyring lagt vekt på at løyva for utplassering av båt måtte vera tidsavgrensa. Det vart tilrådd at løyvet må vurderast på nytt etter ein periode på 4 år. I grunngjevinga står m.a.:
«Ein vil da ha moglegheit for å gjera samla ei vurdering av utviklinga i området med jamne mellomrom, og eventuelt leggje til rette med fellesløysingar der fleire ønskjer tilgang på båt. Løyve må ha vilkår om fjerning dersom bruken opphøyrer. Øydelagt utstyr skal fjernast av den som har plassert det. For å ha kontroll med kven som eig utplassert utstyr, må forvaltninga ha eit register over kven som har båt i verneområdet. For å kunne følgje opp ved opphøyr vil bilete av båten vera eit viktig hjelpemiddel for å kunne kontakte rette vedkomande om den vert liggande og forfalle.»

Retningslinjer for utplassering av båtar må konkretiserast og innarbeidast i revidert forvaltningsplan. Ein ser for seg at det må utarbeidast eit register som viser alle eksisterande båtar som kjem inn under pkt. 1.2.f), og lage rutinar for oppfølging så ikkje øydelagde eller ubrukne båtar berre vert liggande. Alle nye båtar må behandlast etter pkt. 1.3. l).

Vurdering etter naturmangfaldlova:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) når det gjeld naturmangfald og bruk av områda rundt bra. Påverknaden vil vera tiltak i landskapet og motorferdsel knytt til transport. Det gjeld her utskifting av eksisterande båt, og det er ein fordel at den øydelagde båten blir fjerna. Det vert sett vilkår om fjerning dersom båten ikkje lenger er i bruk.
- Etter § 10 om *“Økosystemtilnærming og samlet belastning”* skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Dersom det vert stor pågang frå private om å få utplassert eigen båt, vil samla belastning på landskapet etter kvart koma på eit nivå som ikkje er ønskjeleg. Det er samstundes viktig å leggje til rette for utøving av retten til garnfiske. Det blir aldri fellesløysing ved alle vatn med garnfiske, og tidsavgrensa løyve vil hindre at det berre blir fleire og fleire etableringar over tid. Ein vil da ha høve til å gå over til fellesløysingar dersom omfanget tilseier at enkeltløyve ikkje bør forlengast.
- § 11 om at *«kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver»* er lite relevante
- § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Tid for transport og val av trase for motorferdsel må ta omsyn til sårbart dyreliv. Ved å nytte fjelloppsynet til transporten kan det samordnast med andre oppdrag, og ein sikrar samstundes at det er lokalkunnskap om sårbart fugle- og dyreliv i området.

Arkivsaksnr: 2017/2581-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 11.04.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	25/2017	20.04.2017

Sak - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Transport i samband med tilbygg på Gjertvasshytta - Luster austre fjellstyre

Forvaltar si innstilling

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter § 3, 6.3f i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og § 3, 6.3g i verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde løyve til motorferdsel i samband med å bygging av tilbygg på Gjertvasshytta på følgjande vilkår:

- Inntil 8 turar t/r med 2 skuterar for transport av tilbygget frå Skauthaugane til Gjertvasshytta.
- Inntil 3 turar med inntil 2 skuterar mellom Gjertvasshytta og Gjetarhytta i Guridalen. Skuter skal brukast langs kortaste veg mellom hyttene.
- Løyve gjeld mellom 20.april og 15. juni 2017. .
- Lokalt SNO skal varslast per telefon/SMS i forkant turane (tlf. 959 65 158).
- Dato, tal skuterturar og tal skuterear skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar innan 01. juli 2017.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad av 11.04.2017, frå Luster Austre statsallmenning.

Søknaden skal handsamast etter

- Verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Søknaden

«Arbeidet med ferdigstilling av Gjertvasshytta med uthus vert ferdigstilt i år. På Gjertvasshytta gjenstår det å måle golv og nokre mindre div. detaljer før hytta er ferdig.

Uthuset vert ført opp som eit tilbygg til hytta, kor taket kjem til å skrå ned mot steinen. Uthuset vert transportert inn ved bruk av snøskuter.

Ved ulike vêrforhold kan føreforholda vera utfordrande til å køyra fulle lass på slede opp forbi Ekrehytta. Luster Austre fjellstyre har dermed lagt opp til at det vert køyrt fleire turar opp til Skauthaugane, for at ein så lastar om og nyttar færrest mogleg turar inn til Gjertvassdalen i Jotunheimen nasjonalpark. Luster austre fjellstyre søkjer på dette grunnlag Jotunheimen nasjonalpark om minimum 8 turar med inntil 2 snøskutrar frå nasjonalparkgrensa ved Skauthaugane og inn til «Gjertvasshytta» i Gjertvassdalen. Det var også ynskje frå entrepenør om å få overnatte i «Gjetarhytta» i Guridalen ved arbeid på «Gjertvasshytta». Luster Austre fjellstyre ser på dette som nødvendig då Sogn Laft AS har tatt på seg å måle hytta innvendig, noko som gjer til at det ikkje er mogleg å bu i hytta før målinga har herda skikkeleg. Fjellstyret søkjer med dette om løyve til motorisert ferdsel mellom «Gjertvasshytta» i Gjertvassdalen og «Gjetarhytta» i Guridalen i perioden 18.04.-15.06.2017..»

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Motorferdsel med skuter er etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde forbode (§3, 6.1). Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretningar*» (§3, 6.3f) i nasjonalparken og til «*Transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, anlegg og innretningar*» (§3, 6.3g) i landskapsverneområdet.

Vurdering

Løyve til tilbygget vart gjeve i samband med løyve til gjenoppføring av Gjertvasshytta etter stormen Dagmar. Sjølve hytta vart frakta inn med helikopter, men det vart gjeve løyve til skutertransport i samband med grunnarbeid og seinast nå i vinter til slutføring av hytta. Det vert nå søkt om løyve til motorferdsel i samband med transport av tilbygget og endeleg ferdigstilling av hytta innvendig.

Det er ein del årleg motorferdsel inn Helgedalen og over Keisaren. Keisaren ligg på om lag 1500 moh. I forvaltningsplanen er dette i ei sone som kan ha noko grad av tilrettelegging, men det er også ein del av villreinsona. Det er ein del transportbehov over Keisaren, men forvaltninga prøver å unngå regelmessig motorferdsel her, særleg i vinterbeiteperioden for villrein. På seinvinter er simlene trekt ut av dette området (§8 i nml.).

Luster austre fjellstyre har planlagt transporten av tilbygget for å minimere transport inn i nasjonalparken ved omlasting på Skauthaugane. Sidan tilbygget er mindre enn sjølve hytta, er transportbehovet mindre og kan gjennomførast med snøskuter (§12 i nml.). Planlegging er viktig for å halde motorferdsel på eit minimum. Køyring mellom Gjertvasshytta og Gjetarhytta skal også haldast på eit minimum og tiltak i nasjonalparken krev tilpassing for å redusere nivået på motorferdsel. Talet på turar ned til Gjetarhytta i Guridalen vert derfor sett til eit minimum (3 turar t/r) for å gjennomføre arbeidet inne i hytta. Resten av byggeprosjektet er det ikkje behov for å reise ned til Gjetarhytta og det samla nivået på motorferdsel blir halde på eit minimum (§§9 og 10 i nml.).

§11 i naturmangfaldslova er ikkje relevant for denne saka.